



Mannskap og predikant tek alle del i programmet med song, musikk og tale

Betelskipet Elieser ligg til kai i Uskedalen i kveld. Trass dårleg ver møtte det fram 25 gjester. Elieser, tilhøyrande Den indre Sjømannsmisjon, fungerer som møteplass og fiskarheim på kysten frå Finnmark til svenskegrensa. Mannskapet på fire tek del i programmet med tale, song og musikk. I tillegg er det alltid med ein talar. I kveld var det Dagfinn Sandal.



[Trugne vener av Betelskipet Elieser, Gunnar Kjærland og Leif Matre](#)

Vår eigen, Gunnar Kjærland, helsa vel møtt og minna oss på ein rik songskatt med tema frå sjøen og der den himmelske losen er med.

Mannskapet med skipper, maskinist, matros og stuert går månadvakter. Båten siglar på kysten heile året og det er balanse i den økonomiske drifta. Betelskipet har eit godt omdøme, og mange støttar drifta med gåver og andre tenester.

Talen var frisk og fengjande, framført utan manus med eit aktuelt tema i det å forknytna nåden og tilgjeving.

Det var ei gild og innhaldsrik stund ombord i Elieser i kveld. Med kakebord og kaffi var det og tid til ein prat med mannskapet og dei frammøtte. Så er det eit år til betelskipet Elieser er attende i Uskedalen.



[Slik mange minnest Betelskipet Elieser før i tida. No er båten mindre, men langt meir moderne](#)

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland